

## REFERAT

Vedlegg nr. 1

### Styringsgruppa for Miljøløftet

Møte 01/2024 | Klokkeslett: 09.00 - 12.00 | Dato: 21.02.2024

Møtestad: Teams

Saksbehandlar: Aina Haugstad

Dato: 21.02.2024

	Navn	Part
Møtedeltakarar	Ingrid Dahl Hovland	Vegdirektør
	Jon Askeland	Fylkesordførar, Vestland fylkeskommune
	Nina Bognøy	Varaordførar, Alver kommune
	Tom Georg Indrevik	Ordførar, Øygarden kommune
	Terje Søviknes	Ordførar, Bjørnafjorden kommune
	Christine Kahrs	Byråd, Bergen kommune
	Yngve Fosse	Ordførar, Askøy kommune
	Solveig Paule	Direktør, Jernbanedirektoratet
	Kjell Kvingedal	Direktør, Statsforvaltaren
	Aina Haugstad	Sekretariatsleiar, Miljøløftet
Andre	Tone Oppedal	Statens vegvesen
	Kristian Hella Bauge	Statens vegvesen
	Malin Bismo Lerudsmoen	Statens vegvesen
	Rune Haugsdal	Vestland fylkeskommune
	John Martin Jacobsen	Vestland fylkeskommune
	Torill Klinker	Vestland fylkeskommune
	Dina Johanne Lefdal	Vestland fylkeskommune
	Anne Iren Fagerbakke	Vestland fylkeskommune
	Ragnhild Dalsbø	Vestland fylkeskommune
	Morten Sageidet	Jernvanedirektoratet
	Eystein Venneslan	Askøy kommune
	Roald Aandahl	Bergen kommune
	Erlend Otterå	Sekretariatet
	Anders Kjetland	Sekretariatet

## Saksliste

### Saksliste byvekstavtale Bergensområdet

- Sak 6/24 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 7/24 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 06.12.2023
- Sak 8/24 Statsbudsjett og fylkesbudsjett
- Sak 9/24 Planlegging fylkesveg i Bergen
- Sak 10/24 Handlingsprogram 2025-2028
- Sak 11/24 Kjennskap og haldningar til Miljøløftet
- Sak 12/24 Aktivitetsplan 2024
- Sak 13/24 Byindeks
- Sak 14/24 Trafikk og inntekt i bypakke Bergen
- Sak 15/24 Kollektivtal jernbane
- Sak 16/24 Nytt frå Skyss
- Sak 17/24 Eventuelt

### Saksliste bypakke Bergen

- Sak 18/24 Bypakke Bergen: Prosess for justering av takstane i Bypakke Bergen
- Sak 19/24 Eventuelt Bypakke Bergen

## Saksliste byvekstavtale Bergensområdet

### Sak 6/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.

### Sak 7/24 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 06.12.2023

Vedtak: Vedlagt referat er godkjent.

### Sak 8/24 Statsbudsjett og fylkesbudsjett

Aina Haugstad, sekretariatsleiar, orienterte kort om Statsbudsjettet innleiingsvis. Det var ingen endringar i det vedtekte Statsbudsjettet som påverkar Miljøløftet, samanlikna med forslaget som vart presentert for styringsgruppa i sak 91/23.

Anne Iren Fagerbakke, Vestland fylkeskommune, orienterte deretter om justeringar i fylkesbudsjettet i forhold til handlingsprogram 2024-2027.

Bruken av belønningmiddel til drift av kollektiv vart diskutert. Tom Georg Indrevik, ordførar i Øygarden kommune, stilte spørsmål om desse midlane blir brukt til å unngå kutt i dagens ruteproduksjon, i staden for å styrke tilbodet. Fylkesordførar Jon Askeland forsikra om at midlane har blitt brukt til å auke omfanget av ruteproduksjon. Det vart konkludert med at fylkeskommunen følger opp det prinsipielle kring bruken av midlane og i større grad synleggjer kva midlane brukast til.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

### Sak 9/24 Planlegging fylkesveg i Bergen

Dina Lefdal, Vestland fylkeskommune, orienterte om at potten «Planlegging fylkesveg» blir trekt ut frå det fylkeskommunale bidraget til Miljøløftet, og inkludert i ein heilskapleg post for planlegging av tiltak på fylkesveg. Endringa vil ikkje påverke det fylkeskommunale bidraget i Miljøløftet.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

### Sak 10/24 Handlingsprogram 2025-2028

Aina Haugstad, sekretariatsleiar, orienterte om status for arbeidet med handlingsprogram 2025-2028. Etter planen skal prioriteringsrådet utarbeide sitt forslag til eit balansert handlingsprogram i møte 11. mars. Forslaget blir lagt fram for handsaming i neste styringsgruppemøte, 22. mars. Handlingsprogrammet er også innspel til statsbudsjett. Grunna kort frist for innspel til statsbudsjett er det viktig at handlingsprogram kjem på plass i neste møte. Endeleg vedtatt handlingsprogram leggast fram for lokalpolitisk behandling før sommaren.

Det vart understreka at ein i utarbeidinga av handlingsprogram legg til grunn løyvingar i komande Nasjonal transportplan, og ein lagar derfor eit handlingsprogram som tar høgde for nye prosjekt, i tillegg til det som er av eksisterande midlar. [Styringsgruppas leiar peikte på at hovudutfordringa for oss no er leveransen på nullvekstmålet og den avtalen som er.](#)

Fleire av partane gav støtte til metodikken som er valt. Jon Askeland, fylkesordførar, understrekte at det er bra med mange prosjekt, men at det også vil utfordre dei lokalpolitiske vedtaka. Han oppfordra til at partane må våge å gå inn i diskusjonane og tørre å prioritere.

*Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

### **Sak 11/24 Kjennskap og haldningar til Miljøløftet**

Resultata frå ei spørjeundersøking om kjennskap og haldningar til Miljøløftet og andre relaterte emne vart presentert av Erlend Otterå, sekretariatet. Undersøkinga viser ein auke i positive haldningar til Miljøløftet – 69 prosent svarar at dei er ganske eller svært positive til Miljøløftet. Det har og vore ein auke i positive haldningar til emne som bybane, bompengar snøggbåt og kollektivprioriterte vegar. Tala vart gjennomgått i møtet.

*Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

### **Sak 12/24 Aktivitetsplan 2024**

Anders Kjetland, sekretariatet, presenterte aktivitetsplan for 2024. Størsteparten av innsatsen vil bli retta mot sykkel, gåing og trafiksikkerheit, deretter eit heilskapleg fokus på byveksttalen, og kollektiv. Skuleelevar, jobbreisande og større arbeidsplassar er prioriterte målgrupper.

Det blir lagt opp til aktivitetar og kampanjar i heile avtaleområdet. Planlagde aktivitetar er mellom anna Sykle til jobben-aksjonen, Mobilitetsveka, Sykle til (Brann)kamp og markering av opningar av vegprosjekt og andre tiltak.

*Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

### **Sak 13/24 Byindeks**

Oppdaterte tal for byindeksen vart presentert av Tor-Erik Jule Lian, Statens vegvesen. Trafikken auka med 1,2 prosent frå 2022 til 2023. Det tre års glidande snittet over trafikkutviklinga viser at det er 2,1 prosent mindre trafikk enn i referanseåret 2018, men det vart understreka at desse tala framleis er påverka av koronapandemien.

I diskusjonen kom det spørsmål om det er mogleg å skilje ut næringstransport. Jule-Lian svarte at det er ei utfordring, men at det går føre seg arbeid i Statens vegvesen med å styrke datakvaliteten i byindeksen, mellom anna ved å sjå korleis ein kan skilje ut nærings- og gjennomgangstransport. Statens vegvesen kjem tilbake med meir info på eit seinare tidspunkt.

Tom Georg Indrevik, ordførar i Øygarden kommune, kunne fortelje at dei har fått tilbod frå eit selskap som tek i bruk KI-teknologi for å analyse data frå vegkamera, og med det kan skilje ut næringstrafikk. Christine Kahrs, byråd i Bergen kommune, kommenterte at dei gjerne blir med på eit pilotprosjekt. John Martin Jacobsen i Vestland fylkeskommune etterspurde ein presentasjon om kva moglegheiter ein slik metode kan gi.

Ei potensiell utfordring med målkonflikt mellom mindre personbiltrafikk og bompengainntekter vart òg diskutert.

*Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

### **Sak 14/24 Trafikk og inntekt i bypakke Bergen**

Ragnhild Dalsbø, Vestland fylkeskommune, presenterte status på fordeling av køyretøy og bompengainntekter i bypakke Bergen for heile 2023 og januar i 2024. Trafikkmengda gjennom bomstasjonane var totalt sett 2,9 prosent høgare i 2023 enn i 2022, og det er personbiltrafikken som står for veksten. Trafikkmengda auka særleg gjennom den ytre bomringen, noko som heng saman med opning av Svevatjørn-Rådal. Inntektene frå elektriske køyretøy utgjorde 20% av dei totale inntektene, og inntekta for 2023 var 140 millionar kroner lågare, enn det proposisjonen tillet. Tala vart gjennomgått i detalj i møtet.

Tom Georg Indrevik, ordførar i Øygarden kommune, stilte spørsmål om det er rekna på kva effekt opninga av strekninga Svevatjørn-Rådal har hatt. Kristian Hella Bauge, Statens vegvesen, svarte at dei kan komme tilbake med status på dette i eit seinare styringsgruppemøte.

Jon Askeland, fylkesordførar, viste til at snittaksten er to kroner lågare enn det som ligg til grunn i bompengepakken, samstundes med at finanskostnadene har auka, og spurde leiar av styringsgruppa om kva Staten tenker om denne utviklinga og nødvendige tiltak. Ingrid Dahl Hovland, vegdirektør, svarte at det er viktig at ein tar ut det ein kan på takstsida, og at partane i fellesskap må diskutere tiltak ut frå tilgjengelege verkemiddel.

*Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

### **Sak 15/24 Kollektiv jernbane**

Solveig Paule, Jernbanedirektoratet, presenterte oppdaterte passasjertal på jernbane. Det har vore ein auke sidan 2022, men framleis ikkje så mange togpassasjerar som i 2019. To tredjedelar av dei reisande med tog bruker sykkel, gonge eller kollektivtransport til å komme seg til togstasjonen.

*Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

### **Sak 16/24 Nytt frå Skyss**

Målfrid Vik Sønstabø, Skyss, presenterte oppdaterte passasjertal på kollektivtrafikk. Det var ein auke i tal passasjerar på både buss, bybane og snøggått i 2023. Bybanen utgjorde 27 prosent av alle kollektivreisene i Vestland. Passasjerveksten utfordrar kapasiteten på enkelte linjer og til enkelte tider av døgnet.

Sønstabø orienterte også om prosjekt med samkøyring, som har vore meir populært enn venta. Skyss vil derfor evaluere prosjektet tidlegare enn planlagd for å sjå på korleis ein kan bruke samkøyring som verkemiddel vidare. Prosjektet har finansiering ut året.

Togfrekvensen mellom Bergen sentrum og Arna vil auke frå 1. mai, då ein vil få avgangar kvarter kvarter frå morgon til kveld. Som følge av dette vil Skyss legge om tilbodet sitt i Arna for å knytte buss- og togtilbodet saman. Denne tilpassinga skjer innafør eksisterande økonomiske rammer.

*Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

## **Sak 17/24 Eventuelt**

### **Bemanning i sekretariatet**

Aina Haugstad, sekretariatsleiar, orienterte om at Synnøve Vilsvik er tilsett i stillinga som controllor i sekretariatet. Ho startar i Miljøløftet 29. april.

### **Faktafeil i nyheitsartikkel**

Tone Oppedal, Statens vegvesen, opplyste om ein nyheitssak om at prosjektet sykkelstamveg Glas Knag-Bradbenken har fått auka kostnader. Det er ein faktafeil. Statens vegvesen har meldt frå om feilen.

## **Saksliste Bypakke Bergen**

### **Sak 18/24 Bypakke Bergen: Prosess for justering av takstane i Bypakke Bergen**

Før saka vart presentert, innleia Christine Kahrs, byråd i Bergen kommune, med ei orientering om at dei vil fremme ei lokalpolitisk sak om justering av bompengetakstar, og at ho håper på handsaming i bystyret i mai. For å få framgang i prosessen med justering av takstane i Bypakke Bergen, foreslo ho at styringsgruppa i Miljøløftet stiller seg bak det føreslegne vedtaket i sak 109/23 frå styringsgruppemøtet 6. desember 2023, om å justere elbiltakstane opp til 70 prosent. Det alternative vedtaket er:

*Styringsgruppa stiller seg bak at alternativ 4 er det alternativet som i størst grad oppnår den vedtatte gjennomsnittstaksten. Det er truleg òg det alternativet som bidrar mest til trafikkavvising i tråd med nullvekstmålet og den venta trafikkveksten. Styringsgruppa oppfordrar til at prosessen med å justere takstane blir handsama lokalpolitisk hos Vestland fylkeskommune og Bergen kommune.*

Kristian Hella Bauge, Statens vegvesen, presenterte så prosessen for justering av takstane. Heile prosessen er anslått til å ta 6-15 månader.

Det vart påpeika at prosessen kan sjå ut til å ta kortare tid ettersom fylkeskommunen og Bergen kommune snur seg rundt for å få ei rask handsaming av saka. Fylkeskommunen ventar handsaming av eit prinsippvedtak i fylkestinget i mars, kunne fylkesordførar Jon Askeland informere om. Christine Kahrs, Bergen kommune, sa at ho vil jobbe for at saka blir tatt opp i bystyret i mai.

Partane stilte seg bak det alternative vedtaket fremma av Kahrs.

*Vedtak: Styringsgruppa stiller seg bak at alternativ 4 er det alternativet som i størst grad oppnår den vedtekne gjennomsnittstaksten. Det er truleg òg det alternativet som bidreg mest til trafikkavvising i tråd med nullvekstmålet og den venta trafikkveksten. Styringsgruppa oppfordrar til at prosessen med å justere takstane blir handsama lokalpolitisk hos Vestland fylkeskommune og Bergen kommune.*